



BACHELOROPPGÅVE

Kommunikasjon med born i vanskelege livssituasjonar

av

22

Grethe Marie Skjervheim

Barnevern
BVP5-303
April 2010



HØGSKULEN I
SGN OG FJORDANE



HØGSKULEN i
SOGN OG FJORDANE

Bacheloroppgåve

Boks 133, 6851 SOWNDAL, 57 67 60 00, fax: 57 67 61 00

Bacheloroppgåve i:

Tittel og samandrag:

English Title and Abstract:

Kandidat:

Emnekode og emnenamn:

Kandidatnummer:

Dato for innlevering:

Innhaldsliste

1.0 Innleiing	2
1.1 Oppbygging av oppgåva.....	2
1.2 Avgrensing.....	2
1.3 Før skriveprosessen	3
2.0 Metodeval	3
2.1 Det kvalitative forskningsintervju	3
2.2 Om litteraturstudie.....	5
2.3 Val av litteratur	6
3.0 Teoretisk innfallsvinkel	7
3.1 Seksuelle overgrep	7
3.2 Kommunikasjon	8
3.2.1 Kommunikasjon med born i ulike aldrar.....	9
3.4 Born sine behov under vanskelege samtalar	10
4.0 «Eg tåle å høyra det du har å sei».....	11
4.1 Dialogisk tilnærming som kommunikasjonsmetode	11
4.1.1 Barnet sitt behov.....	13
4.2 Informasjonsgjevande og støttande samtalar	14
4.2.1 Barnet sitt behov.....	15
4.3 «... for jeg får jo hår i munnen.» Den spontane samtalen.....	16
4.3.1 Barnet sitt behov.....	17
5.0 Oppsummerande drøfting.....	18
6.0 Avslutning.....	20
6.1 Etter skriveprosessen.....	21
7.0 Kjeldeliste.....	22
8.0 Vedlegg	24
8.1 Samtykke til intervju	24
8.2 Intervjuguide	25

1.0 Innleiing

Eg har i denne oppgåva valt å ta for meg temaet kommunikasjon med born i vanskelege livssituasjoner. Eg ser på det som eit viktig tema innan profesjonen min som er barnevern. I yrket som barnevernspedagog er mogleheitane store for at ein kjem i kontakt med born som ikkje alltid har det like enkelt, og då er det viktig å vite korleis ein skal kommunisere med dei på best mogleg måte. Eg har valt å snevre inn problemstillinga mi til å omfatte dei borna som har vore utsett for seksuelle overgrep og eg har formulert den slik:

Korleis kommunisere med born som har vore utsett for seksuelle overgrep, og korleis ivaretak dei ulike kommunikasjonsmåtane behova til borna under ein samtale?

1.1 Oppbygging av oppgåva

I oppgåva vil eg ta for meg ulike metodar som kan nyttast for å få ein god kommunikasjon med barnet det gjeld. Eg har valt tre ulike tilnærmingar av samtalar som kan oppstå eller vera nyttige. Eg vil koma med nærmare forklaringar på nokre av omgrepene eg nyttar i problemstillinga, i teoridelen i oppgåva. I hovudsak vil eg forklare omgrepene *seksuelle overgrep* og *kommunikasjon*. I tillegg vil eg fortelja noko om *born sine behov under slike samtalar*. Eg har valt å nytta kvalitativ metode i oppgåva, der eg igjen har valt ei blanding av kvalitatittiv intervju og litteraturstudie. Eg har gjort eit intervju med ein informant som arbeider med å samtale med born i vanskelege livssituasjoner. Oppgåva har eg lagt opp slik at forklaring på metodevala kjem først, med ei forklaring på kva eit kvalitatittiv intervju og ei litteraturstudie er, i tillegg til vala eg har gjort innan litteratur. Etter dette kjem teoridelen, og så analysen der eg får med noko av det som vart sagt under intervjuet og der eg vil svare på problemstillinga. Til slutt kjem eit kapittel der eg drøftar, for så å koma med ei avslutning. Eg brukte lang tid på å bestemma meg for kva eg ynskte å skriva om i bacheloroppgåva, men då eg først hadde bestemt meg, var eg sikker på at valet eg hadde gjort var riktig. Dette er noko som interesserer meg og som eg meiner er viktig for profesjonen.

1.2 Avgrensing

Eg har av omsyn til omfanget på oppgåva valt ut nokre samtalemåtar som eg vil belysa nærmare, då eg ikkje har mogleiheit for å koma inn på alle. Sjølv om dei fleste av kommunikasjonsmetodane som eg nemner kan nyttast til barn som har vore utsett for

omsorgssvikt på andre måtar, som til dømes familievold, har eg likevel valt å avgrense problemstillinga til å omhandle seksuelle overgrep.

1.3 Før skriveprosessen

Eg har valt å ha med eit lite avsnitt om mine forforståingar for emne eg har valt. Mine tankar kring emne og problemstillinga, er at for å klare å kommunisere med born som har eit slikt problem, så må ein vite kva ein skal svare for ikkje å trå feil. Eg veit ikkje sjølv kva eg ville svart om eit barn hadde betridd seg til meg om ei slik grusom hemmelegheit. Det er noko med å klare å koma på eit godt svar når ein ikkje er forberedt, og å vite kva ein skal seie om ein mistenker at barnet vert utsett for seksuelle overgrep. Eg tenkjer at det er viktig å høyre på kva barnet har å fortelja og å ta det på alvor. Det som eg ser som verst tenkjeleg er å koma med ei slik betruing til ein voksen som ikkje ynskjer å høyra kva ein har å seie, eller som ikkje trur på det som vert sagt. Kva skal ein då gjera som eit lite barn for å få det vonde til å stoppe?

2.0 Metodeval

Eg har som nemnt i innleiinga valt å bruke ei blanding av kvalitativt intervju og litteraturstudie i oppgåva. Eg tykte det verka interessant å kunne nytta menneske si erfaring innan kommunikasjon med born, menneske som arbeider med born i vanskelege livssituasjoner. Eg har intervjuia ei dame som arbeider med desse borna, og vil koma tilbake til noko av det ho sa i analysedelen. Ho er utdanna politi og gjer dommaravhøyr av born som har vore utsett for seksuelle overgrep eller som har opplevd familievold. Intervjuguiden frå intervjuet ligg bakerst som vedlegg. I tillegg har eg valt å nytte litteraturstudie der eg vil forklara kva bøkene seier om kommunikasjon med born, og korleis born bør verta ivaretatt under slike samtalar. I dette kapittelet vil eg fyrst fortelja om det kvalitative forskningsintervjuet for så om litteraturstudie som metode.

2.1 Det kvalitative forskningsintervju

Eg valte å gjennomføre eit kvalitativt ope intervju, som er ein samtale mellom ein informant og ein intervjuar om eit tema (Jacobsen 2003). Under eit intervju må ein notere seg det som vert sagt, og ein grei måte å få med seg alt på er ved bruk av lydopptakar. Ein må på førehand be om samtykke til å få bruke lydopptakar, slik at informanten kan få velje om det er greitt. I tillegg bør ein sei noko om kva ein skal nytta intervjuet til og kvifor ein ynskjer å intervjuia

denne personen. Som intervjuar må ein lova informanten full anonymitet (Dalland 2007).

Då me var to i klassen som begge skulle skrive bacheloroppgåve om same tema, ville me gjennomføre intervjuet ilag. Me skreiv på førehand eit informasjons- og samtykkeskriv der me forklarte kva intervjuet skulle omhandla og kva det skulle nyttast til, før me leverte det til informanten der ho skreiv under. Dette skrivet finn ein òg bakerst i oppgåva som vedlegg. Ifylgje Jacobsen (2003) skal det i eit informert samtykke kome fram at den som vert undersøkt skal gjere dette frivillig. Informanten skal ha full oversikt over hensikta til undersøkinga, fordeler og ulemper med deltakinga og kva opplysingane som kjem fram i intervjuet skal nyttast til. Kvale og Brinkmann (2009) seier at informant kva tid som helst skal kunne trekke seg frå undersøkinga om han/ho ynskjer.

Me valte å skriva ein intervjuguide med konkrete spørsmål for intervjuet. Ein intervjuguide er ifylgje Dalland (2007) den planen intervjuar har lagt opp for intervjuet. Denne kan vere konkret med detaljerte spørsmål om temaet, eller den kan innehalda dei tema som ein ynskjer å ta opp.

Sjølve gjennomføringa av intervjuet gjekk veldig fint. Informanten snakka roleg og tydeleg, og det var etter mi meining ei god flyt i samtalet. Når fyrste spørsmål var stilt var informanten god til å fortelje og ho kom inn på aktuelle ting utan at me trengte å koma med så mange oppfylgingsspørsmål. Ho tok sjølv initiativ til å forklare omgrep ho nytta, etter kvart som desse kom naturleg hjå ho. I fylgje Jacobsen (2003) er det opne intervjuet ein mellomting mellom å ha spørsmål med faste svaralternativ og ikkje noko struktur i det heile. Me valte å ha spørsmål, men me la dei opp litt etter som intervjuet utvikla seg.

Intervjuguiden vart som ei hugsliste over kva me ynskte å få vite meir om.

Kvale og Brinkmann (2009) si framstilling av ein god informant er at vedkommande er samarbeidsvillig og motivert, har mykje kunnskap om temaet, er ærleg og svarar presist på spørsmåla som vert stilt. Dei motseier ikkje seg sjølv og gjev framstillingar som er samanhengande. Denne framstillinga tykkjer eg passar godt for vår informant. Ho veit tydeleg kva ho snakkar om, då ho har arbeida med kommunikasjon med born i fleire år, og har mykje erfaring å snakka ut ifrå.

Når me er inne på kva ein god informant er for noko, er det relevant å ta med noko om reliabilitet og validitet. Desse omgrepene kan forklara som pålitelegheit og gyldigheit av metoden som vert nytta (Kvale og Brinkmann 2009), i denne oppgåva for metoden intervju og litteraturstudie. Reliabilitet har med truverdigheita til forskingsresultatet å gjere, medan

validitet dreier seg om korvidt ein metode egnar seg til å undersøka det den er meint å skulle undersøka (Kvale og Brinkmann 2009).

Den informasjonen som me fekk frå vår informant vil eg sei er påliteleg og gyldig for arbeidet ho gjer, men ikkje nødvendigvis for andre måtar å samtale med born på. Noko kan nok generaliserast til andre måtar, men truleg ikkje alt, då vår informant arbeider i politi og gjer dommaravhøyr av desse borna. Det ho fortel oss er om korleis samtalane med desse borna er lagt opp i hennas arbeid. Det er eit arbeid ho sjølv er med på og ser resultatet av. Kva som kom fram i intervjuet, og måten ho arbeider på, kjem eg tilbake til i analysedelen, der eg nyttar intervjuet som supplement til litteraturen. Fyrst vil eg fortelja kva ei litteraturstudie er.

2.2 Om litteraturstudie

Ei litteraturstudie inneber å systematisk søkja etter og kritisk granske litteratur innan eit valt emne eller problemområde, fortel Forsberg og Wengström (2008). Vidare seier dei at ei systematisk litteraturstudie er ei studie av tidlegare gjennomførte empiriske undersøkingar, og at studien i hovudsak må fokusera på aktuell forsking innan det valte emne. Forsberg og Wengström (2008) har sett opp punktvis kva som må gjerast ved ei systematisk litteraturstudie, og framstiller dette slik:

- Setja opp ei problemstilling, og fortelja om kvifor studien vert gjort
- Formulera spørsmål som ein kan besvara
- Formulera ein plan for litteraturstudien
- Finna søkjeord og strategi for korleis ein vil søkja
- Velja litteratur i form av vitenskaplege artiklar og rapportar
- Kritisk vurdera, kvalitetsbedømma og velja litteraturen som skal nyttast
- Analysera og diskutera resultatet
- Oppsummara og konkludera

Dalland (2007) tek for seg korleis ein skal vera kjeldekritisk og korleis ein skal nytta kjeldene ein finn i oppgåver. Han presiserer at det er viktig å gjere seg kjent med korleis biblioteket fungerar for å finne den relevante litteraturen for oppgåva. I tillegg seier han at internett kan vera nyttig, men at ein der må vera obs på at det er mykje feilaktig informasjon.

Når ein byrjar med oppgåveskriving må ein få ei oversikt over kva litteratur ein har å

forhalde seg til og kva som allereie er skrive om det emnet og problemområdet ein ynskjer å belysa. Om ein leitar i lærebøker vil ein finna fram til viktige forfattarar innan faget, og kjeldehenvisingane vil vera til hjelp for å finna andre og viktige kjelder. I ei oppgåve er det viktig å få fram kvifor ein har valt den litteraturen ein har valt og korleis ein fann fram til denne. Om ein beskriv dette grundig vil oppgåva si truverdigskap verta forsterka (Dalland 2007). Vidare seier Dalland (2007) at når ein skal nytta denne litteraturen og dei kjeldene ein har funne er det viktig å vera kjeldekritisk. Det vil sei at ein fastslår om ei kjelda er truverdig eller ikkje. Grunnen til at ein gjer dette er for å gje lesaren av oppgåva ei kjensla av å ta del i dei refleksjonane som vert gjort gjennom val av kjelder. I neste delkapittel vil eg fortelja om dei litteraturkjeldene eg har valt å nytta i denne oppgåva.

2.3 Val av litteratur

I prosessen med å finne litteratur til oppgåva, la eg vekt på å finne primærkjelder som har litteratur som seier noko om problemstillinga mi. I tillegg til primærlitteratur nyttar eg og nokre sekundærkjelder. Primærkjelder er ifylge Dalland (2007) data som forfattaren sjølv har samla inn, medan sekundærkjelder er andrehandskjelder, der tidlegare innsamla data vert referert til eller tolka på nytt. For å finne den litteraturen eg trengte, valte eg å nytte biblioteket. Eg fann bøker som hadde med kommunikasjon med barn og med seksuelle overgrep å gjere, og såg på deira kjeldelister for å finne meir relevant litteratur. På grunnlag av dette fann eg ut kven som hadde skrive mest om det temaet som interesserte meg, og som vart relevant for å belyse og diskutere problemstillinga mi. Sidan eg fann mykje god litteratur her, har det blitt til at eg har nytta meg mest av bøker til bruk i oppgåva. Nokre av dei vil eg presentera i dette kapittelet.

Ei anna kjelde som eg har sett på er veiledarane som er gjeven ut av barne- og familidepartementet og barne- og likestillingsdepartementet. Dette er offentlege dokument som er utarbeida av regjeringa og som eg av den grunn ser på som pålitelege kjelder. Men det eg ser i desse er at nokre av dei refererer til dei same forfattarane som eg har benyttta meg av bøkene til. Eg har likevel valt å nytta meg av to veiledarar, og artikkelsamlinga *Samtaler med små barn i saker etter barnelova*.

Ei av bøkene eg har nytta er Haldor Øvreeide si bok *Samtaler med barn. Metodiske samtaler med barn i vanskelige livssituasjoner*. Dette er ei fagbok der Øvreeide presenterar ulike metodar ein som fagarbeidar kan nytte når ein skal kommunisere med born som er i ein vanskeleg livssituasjon. Han er opptatt av korleis ein på riktig måte kan læra born og dei

næraste tilknytningspersonane rundt barnet å kommunisere slik at utviklinga til barnet vert god i møte med samfunnet og andre menneske. Boka til Øvreeide er primærlitteratur.

Ei anna bok eg har nytta meg av er «..*Si det til noen..*» *En bok om seksuelle overgrep mot barn og unge* av Margrete Wiede Aasland. Forfattaren her har lang praksiserfaring innan dette feltet og skriv ut ifrå sine eigne opplevingar, undersøkingar og tankar kring dette, som gjer innhaldet i boka til primærlitteratur.

Andre viktige forfattarar eg har nytta meg av er mellom andre *Gamst og Langballe* og *Siri Søftestad*, som òg har primærlitteratur. *Gamst og Langballe* har utarbeida ein dialogisk kommunikasjonsmetode mellom born og vaksen, som igjen er metoden informanten vår nyttar seg av i det daglege arbeidet. *Siri Søftestad* er forskar og sosionom og har skrive bøker om korleis ein kan arbeide med born som har vore utsett for seksuelle overgrep.

Alle desse har skrive bøker som omhandlar kommunikasjon med born i vanskelege livssituasjonar, og nokre av dei har lagt størst vekt på barn som vert seksuelt misbrukt. Dette er grunnen til at eg har valt å nytta meg av dei.

3.0 Teoretisk innfallsvinkel

I dette kapittelet vil eg belysa nokre av dei omgrepene eg tykkjer er viktigast i høve problemstillinga mi. Eg vil forklare nærmere omgrepene seksuelle overgrep og kommunikasjon. I tillegg vil eg fortelja litt om kva alder på borna eg har valt å forhalde meg til og kvifor, og til slutt om born sine behov under samtalar med sensitivt innhald.

3.1 Seksuelle overgrep

Ifylgje Aasland (2009) finst det mange ulike definisjonar på seksuelle overgrep. Ho har valt å definere det slik:

Seksuelle overgrep er når en autoritetsperson tvinger, lokker eller truer barnet til å delta i eller se på seksuell omgang, handling eller atferd(...). Et seksuelt overgrep er når en person manipulerer, lurer, tvinger, truer eller lokker en annen til å delta i seksuelle aktivitetar den andre ikke er moden til eller ikke vil være med på, når den andre ikke er i stand til å vurdere eller forstå rekkevidden av det som skjer. Det er enhver form for seksuell kontakt den andre ikke er i stand til å si ja eller nei til på grunn av alder, evne, beruselse, redsel, frykt eller trusler (Aasland 2009 s.31).

I tillegg definerer Aasland (2009) incest, som er seksuelle overgrep mellom nære familiemedlemmar i nedstigande eller horisontal linje. Ho fortel og om beføling, der dette kan foregå både under og oppå kleda. Om eit barn må beføle ein vaksen i skrittet eller på brysta sjølv om vedkommande har klede på er dette framleis seksuelle overgrep. Ho fortel vidare at dei seksuelle overgrepa vert delt opp i ulike kategoriar juridisk sett. Desse kategoriene er seksuell omgang, seksuell handling og seksuell atferd. Seksuell omgang er samleie analt, oralt og/eller vaginalt. Seksuell handling er beføling av barnet, eller at barnet må ta på overgripars sitt kjønnsorgan. Med seksuell atferd vert det meint at det ikkje er fysisk kontakt, men at overgripars syner barnet pornografi eller tvinger det til sjå på seksuelle handlingar. I tillegg kan overgripars tvinge barnet til å blotte seg eller utføre seksuelle handlingar med seg sjølv, eller overgripars kan filme eller fotografere barnet i seksuelle stillingar (Aasland 2009).

I fylgje Søftestad (2009), vart omgrepets incest meir nytta tidlegare. I dag vert omgrepets «seksuelle overgrep mot born» nytta som ei fellesbeteikning for både incest og andre overgrepsrelasjonar. Søftestad (2008) seier at seksuelle overgrep oftast er del av ein relasjon som er betydningsfull for barnet. Overgripars er ofte forelder eller eit anna familiemedlem, eller nokon som barnet er avhengig av i sin kvardag.

3.2 Kommunikasjon

Kommunikasjon kan på ein enkel måte defineraast som utveksling av meiningsfylte teikn mellom to eller fleire partar. Desse teikna eller signala kan vera verbale eller nonverbale (Eide og Eide 2007). Alle har ei medfødt evna til å kommunisera. Dei minste borna nyttar fingrar som dei bevegar på og lydar som gråt og liknande for å få merksemd frå dei rundt. Dei nyttar og auga til å kommunisere med (Eide og Eide 2007).

Øvreeide (2009) har fem ulike kommunikasjonsprinsipp, som han kallar dialogprinsippa. Desse prinsippa heng saman og er relevante for at ein dialog skal verta etablert og vedlikeholdt. Born er avhengige av kvalitet på merksemd, initiativ og respons frå kommunikasjonspartnar, for å få utnytta sin eigen kompetanse og sine eigenskapar. Dialogprinsippa kan ifylgje Øvreeide (2009), takast metodisk i bruk når ein samtalar med born i ein utrygg livssituasjon, og om barnet treng informasjon utan sjølv å vera i stand til å sokja etter den. Eg vil kort presentera prinsippa her:

Fylgjeprinsippet: Ein dialogisk prosess går ut på at ein prøver å skjøne den andre. Ein fylgjer

kvarandre i dialogen.

Relevansprinsippet: Det vert tilført noko nytt heile tida i dialogen, slik at det vert danna grunnlag for gjensidig fylging og nysgjerrigkeit.

Subjektprinsippet: Dialogpartnarane skal respektera kvarandre si sjølvorganisering, friheit, og dei skal begge kunne utforme sine eigne initiativ og responsar.

Rytmeprinsippet: Det skal vera gjensidig rytme i ein dialog. Begge partar skal kunne kommunisere utan at ein skal dominere og korrigere.

Hierarkiprinsippet: Den vaksne i ein dialog er i stand til å sjå lenger enn eit barn, då barnet lever i eit her og no-augneblink. Den vaksne skal støtte barnet i å meistre situasjonen, og har ansvar for tilrettelegging (Øvreeide 2009).

3.2.1 Kommunikasjon med born i ulike aldrar

Når eg i problemstillinga seier *kommunisere med born* har eg valt å forhalda meg til aldersgruppa mellom 3 - 4 og 12 år. Ikkje fordi overgrep berre skjer med desse, men fordi eg må begrensa omgrepet *born* til ein viss alder. Born forandrar kognitivt stadie etter kvart som dei vert eldre, dette kjem fram i Eide og Eide (2007). Born frå 4-8 år er i ein alder der dei byrjar å få ei logisk forståing av verden kring dei, og dei får ei betre forståing av forholdet mellom sanning og tid. Barnet kan med hjelp fortelja om hendingar i no-tid, men dei kan ikkje overføre hendingar frå fortida inn i ei forteljing. Om eit barn er blitt utsett for eit seksuelt overgrep er det viktig å få snakke med barnet før det går for lang tid. Grunnen til dette er at barnet i denne alderen er sjølvsentrert og lett kan ta på seg skulda for det som har hendt, sjølv om dei tenkjer meir logisk no enn dei fyrste leveåra (Eide og Eide 2007). Det er viktig i kommunikasjonen med barnet å fortelje at det ikkje har noko skuld i det som har hendt. Det er òg lurt å oppsummere det barnet fortel medan det høyrer på, men å samstundes vera forsiktig slik at ein ikkje avbryt barnet sin flyt i samtalet (Eide og Eide 2007).

Eide og Eide (2007) seier vidare at born frå 8 til 11 år byrjar å skjøna forskjell på fantasi og verkelegheit, og i motsetning til borna frå 4 til 8, ser dei på hendingar uavhengig frå seg sjølv. Det vil sei at dei skjønar at alt som skjer rundt dei ikkje nødvendigvis er deira feil. Samstundes er dei i ein veldig sårbar periode når det gjeld sjølvkjensla. Å få hjelp til meistring er i denne perioden viktig for ikkje å få kjensla av mindreverd.

3.4 Born sine behov under vanskelege samtalar

Når eg i analysen vil fortelja om tre ulike samtaleformer med born, vil eg forklara kva born sine behov er under kvar av desse samtalane. Nokre av behova er ulike, medan andre behov er felles for alle samtalane. I kapittelet no vil eg forklara noko av det som ein generelt må ta hensyn til overfor barnet når ein har ein slik samtale, eller når ein ser teikn på at noko er galt.

Under ein samtale med eit barn som har vore utsett for eit seksuelt overgrep er det viktig å vera merksam på at barnet sin sjølvtillit, sjølvkjensla og sjølvstendigkeit vert ivaretatt, som nemnt i førre kapittel. I tillegg er det viktig å ivareta barnet si evna til meistring. Ein må nytta enkle kommunikasjonselement i samtaLEN slik at barnet kan forstå kva den vaksne vil, og slik at barnet kan fungere godt i samspelet (Drugli og Engen 2004). Med gode kommunikasjonselement vert det meint at barnet og den vaksne har eit felles fokus før ein byrjar med spørsmål. Ein må nytte seg av enkle ord og korte setningar slik at det er enkelt for barnet å skjøna kva som vert sagt. Som vaksen må ein ha tålmod og vente på barnet undervegs, og ein må bekrefte at ein har fått med seg det som barnet seier ved til dømes å seie «mmm», «ok» eller «Så fint at du ville svare». Ved å fortelja kva som skal skje vidare vert situasjonen meir forutsigbar for barnet, noko som er positivt (Drugli og Engen 2004).

Eit barn som har vore utsett for seksuelle overgrep er unikt på den måten at det i enkelte tilfelle vil ha problem med å forhalde seg til andre vaksne, og dette vil kunne prege relasjonen mellom barnet og den vaksne det skal samtale med. Det kan ha opplevd grove tillitsbrudd hjå vaksne som har forgripe seg, men òg av dei rundt som kanskje burde sett at noko var galt, og som barnet kanskje har prøvd å fortelje det til, men som ikkje har villa høyrt eller sjå kva som har foregått. Barnet kjenner seg svikta av dei nærmeste rundt seg og kan ta dette med seg inn i nye relasjoner (Søftestad 2009). Mange born kan føle skam og skuld for det som har hendt, og det er noko ein som vaksen som skal samtale med desse borna må vera observant på. Det er viktig at ein prøver å redusere denne kjensla av skuld utan at barnet kjem i ei lojalitetskonflikt. Om ein nær person av barnet vert kritisert kan dette føre til at barnet sjølv kjenner seg kritisert eller angripen (Øvreeide 2009).

Som vaksen rundt barnet må ein vera observant på teikn som eit barn kan gje, og vera observant på deira kommunikasjonsform. Til dømes kan ein setja seg ned med eit barn som ikkje vil dusje etter gymmen og finne ut kvifor det ikkje vil. Eller ein kan setja seg ned og snakke med eit barn om kvifor det skulkar skulen eller har vondt i magen eller hovudet gong

på gong. Det er viktig som vaksne rundt barn å setja seg ned og ta seg tid til å snakke med dei, stille direkte spørsmål om korleis dei har det og lytte når dei snakkar. Ikkje still leiande spørsmål og ikkje tving barnet til å fortelja noko det trur du som vaksen vil høyra, slik at det som vert sagt ikkje er sant. Om til dømes ein gut fortel om eit overgrep der han seier at far har tatt han på tissen, må ein møte barnet i det som vert sagt. Gjenta det siste barnet sa, utan å leggja til noko eller trekkja ifrå noko, ikkje avbryt, ver avventande og tålmodig (Aasland 2009). Aasland (2009) fortel òg om at born må verte trudd på når det fortel om det som har hendt. Om eit barn har vore utsett for seksuelle overgrep kan det ikkje lyge om noko det har erfaring ifrå. Om eit barn seier at det kjem kvit yoghurt ut av faren sin tiss, eller at han har tissen sin i rumpa til barnet, er det lite sannsynleg at det er noko barnet kjem på av seg sjølv.

4.0 «Eg tåle å høyra det du har å sei»

-Kaja-

Når eg no går over til analysedelen av oppgåva, vil eg presentere tre ulike samtalemåter med born. Eg har valt å presentere ein samtalemåte, for så å forklare korleis borna sine behov vert ivaretatt under denne måten. Etter å ha presentert ein måte å samtal på, går eg over til neste. Slik får eg diskutert og svara på problemstillinga mi for kvar samtalemåte eg presenterar. I den fyrste vil eg nytta intervjuet som supplement til litteraturen.

4.1 Dialogisk tilnærming som kommunikasjonsmetode

Denne samtaleforma er ein metodisk samtale for ein målretta samtale med born. Desse samtalane vert gjort grunna livssituasjonen til borna, og dei er retta mot vanskelege område i livet deira. For at samtalen skal få eit positivt forløp og eit godt resultat er det viktig at den vaksne i dialogen har ei haldning som tilseier at barnet er ein betydningsfull informant, og den vaksne må samstundes ha grunnleggjande kunnskap om born som er i ein utsett situasjon (Gamst og Langballe 2006). Denne samtalemетодen som eg presenterar her er den same som informanten min nyttar seg av når ho snakkar med born som har vore utsett for seksuelle overgrep eller som har opplevd familievold. Eg har valt å gje ho namnet «Kaja» vidare i oppgåva. Kaja nyttar denne metoden når ho tek dommaravhøyr av born på eit av barnehusa i landet. Ho er utdanna politi, har ei vidareutdanning innan kommunikasjon med born, og har lang erfaring innan dette feltet.

Metoden til Gamst og Langballe har som intensjon å auka sannsynlegheita for at det

vert gitt truverdig informasjon i dommaravhøyr. Kommunikasjonsmetoden deira med born vert delt opp i sju fasar. Desse fasane vil eg presentera her:

Fase 1 er ein forberedande fase der både barn og vaksen skal vera mest mogleg forberedt til samtalen som kjem. For at eit barn skal kjenna seg trygg under ein slik samtale er det viktig at den vaksne er trygg i si rolle. Det er òg viktig at den vaksne samlar inn mest mogleg informasjon om barnet og situasjonen det er i, på førehand. Barnet skal vite kva det går til og kva som er formålet med samtalen (Gamst og Langballe 2006). For Kaja sin del tek ho seg tid til å helse på barnet, gjerne på eit leikerom, slik at dei får moglegheit til å verta litt kjent med kvarandre før dei skal inn på avhørysrommet.

Fase 2 er kontaktetablering, og det går ut på å skape god kontakt i byrjinga av samtalen slik at barnet kjenner seg trygg i situasjonen. Den vaksne må skape denne kontakten og oppnå tillit mellom seg sjølv og barnet. Det er viktig at barnet vert behandla som eit subjekt og ikkje som eit utredningsobjekt, då det kan oppleva å ikkje verta tatt på alvor om den vaksne ikkje ser personen i barnet som sit der. Barnet skal òg møte ein vaksen som er tilstades og fokusert på den samtalen som skal koma (Gamst og Langballe 2006). Sidan Kaja er utdanna politi er det for ho viktig å ufarleggjere si eige rolle i dette. For barnet som veit at det skal snakke med politiet, kan dette truleg verka litt skummelt. Kaja fortel barnet at born av og til kan hjelpe politiet, og ho er bevisst kledd i sivile klede. Ho påpeikar òg at barnet ikkje har gjort noko gale. Kaja fortel i intervjuet at ho alltid byrjar ein samtale med å snakke om noko ufarleg, som til dømes kjæledyret til barnet eller andre interesser barnet har. Om eit barn ikkje kan klare å snakke om dei ufarlege og trygge tinga, klarar dei heller ikkje å snakke om dei vonde og vanskelege tinga.

Fase 3 er kalla innleiande prosedyrar og går ut på å motivere barnet til å fortelja. Ein slik samtale er ikkje noko vanleg for barnet og det treng derfor hjelp til å forstå kva samtalen skal dreie seg om og å skjøne kva den vaksne er ute etter å vite. Den vaksne skal gje beskjedar til barnet i ei dialogisk form i staden for ei monologisk form. Det vil seie at den vaksne ikkje stiller spørsmål til barnet men fortel korleis samtalen skal skje. Om det vert for monologisk vil barnet fort kunne oppfatte det slik at det berre skal svare på spørsmåla som vert stilt og ikkje at det skal kunne snakke fritt (Gamst og Langballe 2006).

Fase 4 er introduksjon til tema og har som mål å gje barnet ei tydeleg kontekstinnføring, og få fokuset over på temaet. Barnet skal få status som ekspert på tema, og den vaksne skal framtre som ein som ikkje veit. Dette kan føre til ein større openheit i

situasjonen og det kan lette kontakten, då partane i samtalens vert meir likeverdige.

Samstundes er det den vaksne som må leggja mal for korleis samtalens skal vera. Det er viktig å vera nøyaktig på kva ein seier og ikkje vera redd for å snakke om temaet (Gamst og Langballe 2006).

Fase 5 er fri forteljing og går ut på å få barnet si historie utan å avbryte. Barnet skal få fortelja fritt om sine opplevingar, og som vaksen skal ein ta imot denne informasjonen utan å byte tema. Barnet skal erfare at det vert teke på alvor ved at den vaksne er avventande og bekreftande, og ikkje redd for å høyre kva barnet har å fortelja (Gamst og Langballe 2006). Kaja fortel at om barnet fortel fritt om kva det har opplevd er dette meir truverdig enn om det heile tida vert stilt spørsmål. I tillegg seier ho at om ein skal nytta seg av spørsmål, er det viktig å vite korleis ein skal gjere dette; om ein nyttar opne eller lukka spørsmål, eller som Kaja òg seier, fremjande eller hemmande spørsmål.

Fase 6 er kalla sonderande fase. Her går ein tilbake til ting ein vil vite meir om etter at barnet har fortalt seg ferdig. Ein ber barnet om å fortelja meir om noko som det har nemnt tidlegare i samtalens. Dette er for å få tilleggsinformasjon i meir detaljerte beskrivingar (Gamst og Langballe 2006).

Fase 7 er avslutninga på samtalens. Denne skal alltid skje på ein positiv måte for barnet. Same kva resultat ein fekk ut av samtalens skal barnet gå derifrå med ei kjensle av å ha gjort noko bra, og få positive tilbakemeldingar. Den vaksne førettek ei oppsummering av det som har blitt sagt i samtalens, spør korleis barnet opplevde samtalesituasjonen, fortel kva som skal skje vidare og kven som får vite kva som har blitt sagt. Ein tek farvel ved å fortelja at det var kjekt å snakke med barnet, og forbereder det på kva som skjer etterpå, til dømes at barnet skal tilbake på skulen (Gamst og Langballe 2006). Kaja legg òg stor vekt på å fortelje barnet at det var kjekt å ha samtalens ilag med det, og at det var fint at barnet kunne koma.

Desse fasane må få naturlege overgangar. Det skal heile vegen vera ein naturleg kommunikasjonsprosess mellom barnet og den vaksne (Gamst og Langballe 2006).

4.1.1 Barnet sitt behov

I denne samtalemetoden vil eg sei at det er lagt stor vekt på korleis borna har det og at deira behov kjem i fyrste rekke. Grunnen til at eg tenkjer slik er fordi at om barnet ikkje vil fortelja, er dette greitt, og under avhøyr må dommar godkjenne om ein skal spørja borna meir når ein ikkje får respons på dei positive tinga ein prøver å snakke om, som til dømes

interessene til borna. Det er i tillegg borna sine frie forteljingar som skal koma fram. Ein skal nyttja eit språk som borna kan skjøna, og her vil eg dra fram noko som Kaja fortalte under intervjuet. Ho la vekt på at ein som voksen under samtalens, må nyttja dei same omgrepene som borna nyttar. Om barnet fortel at «pappa hadde tissen sin inni tissen min», så må òg avhøyra nyttja dei omgrepene barnet kjem med, og ikkje koma med andre omgrep på kjønnsorgan, omgrep som fagfolk nyttar.

For Kaja er det viktig å få fram at ho tåler å høyra kva barnet har å sei, og det ser eg for meg er viktig for barnet å vite. Nokon born kan vera redd for at det dei har å fortelja ikkje vert godt motteke av den vaksne. Som «Kaja» seier kan barnet vera redd for om ho tåler å høyra at «pappa har hatt tissen sin inni tissen min». Ho gjer barnet merksam på at ho har snakka med andre barn om ting som er vanskeleg, og at ho tåler å få høyra det dette barnet har opplevd òg. Dette ser eg for meg kan hjelpe barnet til å føla større tryggleik til å snakke om emnet som er så vanskeleg. Desse samtalane er til for at barnet skal få fortelja si historie, der dei vert tekne på alvor. Avhøyret vert ifylgje Kaja teke opp på band for seinare å verta nytt i retten, slik at barnet skal sleppe å fortelja historia si fleire gonger enn nødvendig.

4.2 Informasjonsgjevande og støttande samtalar

Ifylgje Øvreeide (2009) vil det å ha informasjonsgjevande samtalar med born sei å gje borna informasjon, slik at dei kan meistra og skjøna sin eigen situasjon. Når eit barn har vore utsett for eit seksuelt overgrep og dette vert ei barnevernssak eller på anna måte utreda, kan barnet føla utryggleik. Ved å få informasjonsgjevande samtalar vil det kunne byggja opp ein relativ tryggleik og få hjelp til å sortere tankar. Barnet får informasjon om kva som skjer, og kva som skal skje vidare. I tillegg må barnet gjerne få vite kva andre sine reaksjonar er på det som har hendt. Dette er ting som barnet sjølv ikkje alltid tør stille spørsmål om, men som det likevel vil ha behov for å få svar på (Øvreeide 2009).

Øvreeide (2009) har under det som han kallar informasjonsgjevande og støttande samtalar nokre underkategoriar. Desse vil eg nemna kort her.

Person og rollepresenterande samtalar har som formål å la barnet bli presentert for dei menneska som arbeider med saka. Dette er for at barnet skal vite konkret kven desse personane er, og kva kvar enkelt person skal gjera.

Strukturererande samtalar, tema- og beslutningspresenterende samtalar er samtalar med born der dei får riktige opplysingar om si eiga sak, slik at dei ikkje misforstår noko.

Mange born er redde for å stille spørsmål, og då er det viktig å setja seg ned og fortelja dei korleis ting er.

Støttande samtalar er å gje barnet betre tryggleik i ein vond og krevjande situasjon. Desse samtalane kan fungera som oppfølgingssamtalar etter informasjonsgjevande samtalar. Dei skal forbereda, støtta og bekrefta barnet si forståing, og gyldiggjera opplevingane til barnet.

Til slutt er det *bearbeidande samtalar* som går ut på å endra, utvida og påverka barnet si forståing og dei emosjonelle opplevingane, i staden for å berre bekrefta og gyldiggjera opplevingane deira. Målet er at dei vonde erfaringane barnet har skal bli snudd til å verte erfaringar dei kan leva med, slik at det som har hendt ikkje skal vera til hinder for barnet si utvikling. Det gjeld barnet si langsiktige meistring av det som har hendt (Øvreeide 2009).

4.2.1 Barnet sitt behov

Denne metoden vil eg sei er ein metode for å ivareta nokon av dei behova born har etter å ha vorte utsett for seksuelle overgrep. Metoden er med på å gje borna informasjon om det som hender kring dei, og den er med på å konkret vise borna kven som arbeider med sakane deira. Om barnet får opplysningar om det som hender, vil det etter mi meinig truleg verte lettare for barnet å handtere det, og det vert ikkje utelate. Det er denne samtalesom kan hjelpe barnet til å sortere tankar i ein uthygg situasjon der den store hemmelegheita er blitt kjent for fleire enn overgripar og barnet sjølv (Øvreeide 2009). Jo meir borna må grubla aleine, jo større er moglegheita for at dei utviklar feilaktige forestillingar knytte til frykt, skuld og skam (regjeringen.no 2009).

Initiativ til å ta ein slik informasjonsgjevande samtale må koma frå den vaksne, då dei må klare å tyde eller «lese» barnet. Ein måte å gjennomføre ein slik samtale på er å nytta seg av å *triangulera informasjonen* for borna. Dette går ut på at ein person som står barnet nært er med på samtales, slik at det vert ei slags «offentleggjering» av det som har hendt (Øvreeide 2009). I tillegg til at dette skal vera med på å gje barnet tryggleik og ivareta barnet sine behov, kan det vera med på å gje rom for fleire samtalane, då barnet veit at til dømes mor har delteke på den same samtales og høyrte dei same tinga (Øvreeide 2009).

Eit barn som har vore utsett for eit overgrep har behov for å føle tryggleik. I ein samtale der det er ein voksen som informerer ein annan voksen, til dømes saksbehandlar i barnevernet som informerar mor, kan barnet føla tryggleik ved å ha ei lyttande rolle. Då er det

dei vaksne som samtalar og barnet kan føle at ansvaret vert dei vaksne sitt. Det kan på denne måten vera lettare for barnet å ta til seg informasjon òg (Øvreeide 2009). Eg ser for meg at som saksbehandlar må ein vera observant på barnet medan ein gjev det informasjon. Som nemnt tidlegare må ein som vaksen lese eller tyde barnet, og det tenkjer eg er viktig medan ein snakkar saman òg. Ein bør sjå etter korleis barnet reagerer på det som vert fortalt.

4.3 «... for jeg får jo hår i munnen.» Den spontane samtalen.

Til no i oppgåva har eg fokusert mest på samtalar som har vore moglege å planleggja. Men eg ynskjer å ta med eit kapittel om den samtalen som kjem spontant òg, då den som tek imot det barnet har å fortelja ikkje nødvendigvis er profesjonell på å kommunisere med born om vanskelege emne.

I mange tilfeller kan seksuelle overgrep verte oppdaga i kvardagen, då eit barn kan opne seg opp for ein vaksen i nærleiken. Den vaksne kan vera ein som står barnet nær eller også ein jamnaldrande (Søftestad 2009). Eit barn kan velje å fortelja om det som har hendt grunna spørsmål frå den vaksne, som sidan viser seg å ha stor betyding for barnet. Det kan vera eit barn sin væremåte, eller verbale utsagn som har gjort at den vaksne set seg ned for å snakke med barnet. Om eit barn betrur seg til ein vaksen om at det har blitt utsett for eit overgrep er det viktig at den vaksne tek kontakt med offentlege myndigheter som kan hjelpe. Helst bør dette være barnevernet eller politiet, slik at barnet får den hjelpa det har rett på for ikkje å verte utsett for fleire overgrep.

Kvam (2001) fortel at born kan verta trua med straff frå overgripars om det fortel vidare kva som har hendt. Dette kan føre til at barnet ikkje tør å gje beskjed om overgrepene. Dette gjeld ofte born som har blitt utsett for overgrep av nokon dei kjenner godt. Likevel kan dei spontant røpa kva som foregår utan at dei er klar over det sjølve. Kvam (2001) har eit døme på dette som eg vil gjenfortelja deler av her. Det er ei 4 år gammal jente som fortel mora si etter helgesøk hjå far:

«*Ikke sant, mamma, jeg vil ikke kysse tissen til pappa, for jeg får jo hår i munnen.*»
(Kvam 2001, s.92)

Born kan koma med utsagn om at dei er blitt utsett for seksuelle overgrep, eller dei kan syne teikn eller symptom på at noko *kan* ha hendt. Det er viktig å få fram at desse teikna kan vera symptom på andre ting òg (regjeringen.no 2003). Eg vil kort forklara dei ulike signalene born frå 3 – 12 år kan koma med om dei har vore utsett for overgrep:

Born 3 – 5 år: Born i denne aldersgruppa kan med ord fortelja kva som har hendt, eller dei kan gje uttrykk for at det er noko, utan at dei vil eller klarar å snakke om det. Vidare kan dei ha somatiske smerter som hovudverk, magesmerter eller smerter i underlivet. Dei kan få problem med vasslating og avføring etter at dei er blitt reinslege, eller slite med mareritt. Dei kan i enkelte tilfeller verta fjerne, og andre gonger få problem med fortviling, angst eller depresjon. Born som har blitt misbrukt oralt, kan få problem med å ete då dette kan bringe fram minner frå det som har hendt. Andre born igjen kan få overdriven seksualisert atferd (regjeringen.no 2003).

Born 6 – 12 år: Teikna og symptomata som viser seg frå born under seks år kan vise seg etter seks år òg. I tillegg kan borna frå seks år og oppover ha det psykisk vondt på fleire måtar. Dei kan gje uttrykk for at dei ikkje ynskjer å leva, eller dei truar med å ta livet av seg. Nokre av desse borna kan kjenne ei stor kjensla av skam og skuld over det som har hendt, og dei kan verta lukka og innadvendte. Andre kan verta aggressive og vanskelege eller hyperaktive. Lærevanskar kan vera eit teikn, og borna kan variera mellom ulike ekstreme atferdstypar, frå til dømes barnsleg til sint. Dei kan verta uforutsigbare, få fantasipersonar som dirigerar dei, og høyre stemmer. Nokon kan få problem med si eiga kjønnsrolle, og nokon kan få problem som er knytta til hygiene. Dette kan gå begge vegar, der nokon ikkje ynskjer å dusje, medan andre vert tvangsmessig opptatt av å vera reine (regjeringen.no 2003).

Om eit barn kjem til ein vaksen omsorgsperson og fortel kva som er hendt, er det viktig å høyre etter slik at barnet får fortalt dei detaljane det ynskjer, ikkje vise avsky for det som vert sagt, og ikkje fortelja kva ein som vaksen meiner om hendinga. Ein bør visa omsorg og varme, for om ein reagerar negativt er faren stor for at barnet lukkar seg og det vil få meir angst og skuldkjensla (Kvam 2001). Som vaksen kan ein fortelja barnet at det er bra at det har fortalt dette og at ein trur på barnet, men unngå å lyge ved å sei at ein ikkje skal fortelja det til nokon (Kvam 2001).

4.3.1 Barnet sitt behov

Slik eg ser det, kan barnet sitt behov under denne typen samtale verta mindre ivaretatt enn under ein samtale som er planlagt, der det er stor moglegheit for at ein veit at barnet har vore utsett for overgrep. Grunnen til at eg tenkjer slik er fordi ein vaksen som ikkje veit korleis ein skal handtere slike samtalar kan gjera mange feil. Korleis ein som vaksen oppfører seg kan få betydning for kor mykje barnet vil fortelja, kva det fortel og om det vil fortelja i det heile (Søftestad 2009).

Det er som sagt viktig for barnet å få positive tilbakemeldingar ved ein slik samtale.

Det er viktig at barnet vert trudd på og teke på alvor. Når ein snakkar om barnet sitt behov i ein slik samtale, vil eg tru dette er det viktigaste for eit barn. At ikkje den som ein har valt å fortelja hemmelegheita si til snur ryggen til og vel å dreia samtalen over på noko anna. Barnet har eit behov for å verta lytta til, og skal me få dei riktige opplysningane frå barnet er det viktig å ikkje stilla leiande spørsmål og leggja orda i munnen på barnet (Aasland 2009).

Nokre punkt som kan hjelpe barnet med å fortelja, der det er barnet si eiga forteljing som kjem fram og der eg meiner barnet sine behov vert godt ivareteke er å:

1. Gjenta det siste barnet sa.
2. Ikkje avbryt barnet og ikkje flytt merksemda over på noko anna.
3. Tåle pausar og vera tålmodig.
4. Vera der barnet er, i det som vert sagt (Aasland 2009).

Eg tenkjer samstundes at denne samtalen er avgjerande for å avdekke overgrepene, og som eit grunnlag for å kome seg vidare i systemet der ein kan få hjelp. Eg meiner at det viktigaste er å få det fram, ikkje å opptre som ein profesjonell når ein ikkje er det.

5.0 Oppsummerande drøfting

Når me ser på dei ulike samtalemetodane eg har valt ut til denne oppgåva, kan to av desse setjast inn i ein kategori som planlagde samtalar, og den tredje som spontansamtale. Korleis eit barn vert ivaretatt i ein samtale der det må fortelja om kva som har hendt, meiner eg har stor betydning for korleis samtalen vert og korleis barnet opplever heile situasjonen. Vert det snakka nedlatande om far? Får barnet ei oppleving av at det er greitt å snakke om dette? Vil den vaksne verkeleg høyre på kva barnet har å fortelje? Vil det verte trudd? Her ser eg for meg at det er stor skilnad mellom dei planlagde samtalane og dei spontane samtalane. I dei planlagde samtalane vil det vera erfarte menneske som gjennomfører samtalen, og dei har på førehand sett seg inn i saka til barnet det gjeld. Dei kan derfor vera førebudd på ein anna måte ein dei som får informasjonen hjå barnet utan å vera førebudd.

Men korleis vert dette om ein som er erfaren med å ha slike samtalar med born, får ei slik betruing av eit barn utan å vera førebudd? Vil då denne personen klara å meistra det like godt som når samtalen er planlagt? Dette er vanskeleg å svare på, men eg trur at om ein har jobba lenge med dette, kan metodane sitja så godt at det riktige vert sagt. Eit spørsmål eg

tenkjer på, er om ein kan verte for van med å ha slike samtalar med born. Kan ein profesjonell ha gjort dette så mange gonger at historia til barnet ikkje påverkar ein lenger? Her er det nok stor skilnad på menneska, men eg tenkjer at det skal mykje til for å gå upåverka ut av ein samtale med eit born der ein har fått fortalt at barnet har vore utsett for seksuelle overgrep.

Dei tre ulike samtalane eg har presentert har ulike måtar å ivareta borna sine behov på, og dei vert nytta i ulike situasjonar. Kva samtalemåte er eigentleg den beste for borna? Den første samtalen vert nytta ved avhøyr. Kan dette vera med på å skape ei ekstra usikkerheit rundt det som hender? Kaja fortel at det er viktig å ufarleggjere den rolla ein har som politi, men vil det hjelpe, slik at det ikkje vil påverka samtalsituasjonen? Vil barnet allereie ha opplevd så mykje vondt i livet sitt at eit avhøyr av politiet ikkje verkar skremmande? Eg tenkjer òg på den informasjonsgjenvande samtalen, der kanskje mor skal sitje og høyre på kva den profesjonelle fortel om barnet si sak. Er dette ei god kjensle for barnet, eller vert det opplevd som pinleg at det vert offentleggjort på denne måten? Vil tanken på å sleppe meir av det vonde vege opp for det barnet må igjennom medan undersøkinga pågår?

Eg tenkjer at det er den spontane samtalen eit barn må igjennom først, før det vert meldt vidare. Unntaket ser eg for meg må vera i situasjonar der barnet har vore utsett for anna omsorgssvikt, og betrur seg om overgrep til profesjonelle som allereie kjenner til barnet, eller den profesjonelle ser teikn på at barnet kan ha vert utsett for overgrep. Korleis kjennest det for barnet når det vert kjent? Denne samtaleforma er den som truleg vert nytta første gong det kjem ut. Eg tenkjer at det kan vera betre for eit barn å snakke med ein det kjenner om det vanskelege, men då må òg denne personen vera mottakeleg for det som vert sagt.

Eg meiner at samtaleforma til Gamst og Langballe som i utgangspunktet er meint å skulle nyttast til avhøyr av born kan nyttast av andre òg. Den har mange gode poeng i dei ulike fasane, så eg ser for meg at desse kan nyttast utan at ein føretak avhøyr av born. Metoden deira legg vekt på at borna sine behov skal ivaretakast, at dei skal verte trudd og hørt på. Dette tenkjer eg er gode prinsipp for å samtale med born i barnevernsarbeid generelt, der borna har det vanskeleg.

Øvreeide sin informasjonsgjenvande samtale, kan vera god å nytta seg av slik at både barnet og nære familiemedlemmar får vite kva som hender. Det vert òg tryggare for barnet å vite at det kan ha ein god kommunikasjon med både fagfolk og ein som er nær, og føle at det vert involvert. Konklusjonen min når det gjeld desse to planlagde samtaleformene er at dei

kan nyttast i barnevernsfagleg arbeid overfor born som er i ein vanskeleg livssituasjon.

Den spontane samtalen er ei samtaleform som eg i utgangspunktet har tenkt på vert relevant for dei som er nær barnet, og som får ei betruing om at noko har hendt, eller dei ser teikn til det. Det kan nok kjennast håplaust når borna ikkje føler seg høyrt eller trudd, derfor er det viktig at ein hører på kva barnet har å fortelja. I desse samtalane tenkjer eg at borna sine behov kan verta ulikt ivaretatt. Korleis den vaksne reagerar, er avgjerande for om barnet fortel kva som har hendt, eller om det lukkar seg igjen.

6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg nytta litteraturstudie og kvalitativt forskingsintervju. Eg gjorde eit intervju der noko av innhaldet har vorte nytta som supplement til litteraturen. I teoridelen har eg forklart omgrepene *seksuelle overgrep* og *kommunikasjon* som eit teoretisk bakteppe for problemstillinga:

Korleis kommunisere med born som har vore utsett for seksuelle overgrep, og korleis ivaretek dei ulike kommunikasjonsmåtane behova til borna under ein samtale?

For å svare på problemstillinga har eg i analysen tatt for meg tre ulike måtar å samtale med born på som har vore utsett for seksuelle overgrep. To samtaleformer eg vil kalle planlagde og ei samtaleform eg vil kalle spontan. Dei planlagde er fyrst ein metode utarbeida av Gamst og Langballe, som i utgangspunktet er meint å skulle nyttast til avhøyr av born, men som eg tykkjer har gode poeng som kan nyttast av andre profesjonelle i samtale med born. Den andre er Øvreeide sin informasjonsgjevande samtale som går ut på å informere borna om deira eigen sak, slik at dei skal verte inkluderte prosessen. Den siste samtaleforma er den spontane samtalen som kan oppstå mellom vaksen og barn utan at ein er profesjonell innan kommunikasjon med born. For kvar måte å samtale på har eg forklart korleis borna sine behov vert ivaretatt, og det er nokre viktige poeng eg meiner går igjen her. Dette er å gje barnet tid, høyre på kva det har å seie og å ta barnet på alvor.

Eg tykte det var greit å finne pensum som var med på belyse problemstillinga mi når det gjaldt dei planlagde samtalane. Litt mindre var skrive om den samtaleforma som eg har valt å kalla spontan, men eg fann nok pensum til å kunne belyse også denne i oppgåva. Eg har sett at det er dei same forfattarane som har gått om igjen når det er snakk om seksuelle overgrep og kommunikasjon med born, og mykje av pensum her er nytt. Slik eg ser det, tyder dette på at emnet kommunikasjon med born er blitt meir vanleg å nytta seg av dei siste åra.

Dette er eit emne som eg sjølv ser på som viktig å kunne mykje om når ein arbeider med born.

6.1 Etter skriveprosessen

Etter å ha lese den litteraturen og dei kjeldene eg har gjort gjennom denne prosessen og i tillegg det intervjuet me gjorde, sit eg igjen med ein del tankar eg vil dele. Eg hadde med eit lite avsnitt i innleiinga der eg nemnde på at eg ikkje visste korleis eg ville reagert om eit barn hadde kome til meg med den betruinga om å ha vert utsett for eit seksuelt overgrep. Det kan eg sjølvsagt ikkje vite etter å ha skrive denne oppgåva heller, men eg føler at eg har fått ei større innsikt i korleis ein bør reagera om eit barn kjem og fortel noko som er så viktig. Det kan vere den eine gongen barnet prøver å opna seg, og om det ikkje får den responsen det treng kan så mykje verte øydelagt. Det treng ikkje nødvendigvis gjelda i saker som omhandlar seksuelle overgrep, eller omsorgssvikt generelt. Det å kunne setja seg ned å høyra på kva barn har å fortelja i det daglege, må vera viktig det òg. Så enkelt det eigentleg er å setja seg ned og be barnet fortelja om skuledagen sin, i staden for å byte tema. Etter skriveprosessen er kommunikasjon med born blitt eit endå viktigare tema for meg enn kva det var før.

7.0 Kjeldeliste

Aasland, M. W. «... si det til noen...» *En bok om seksuelle overgrep mot barn og unge* Høyskoleforlaget AS, 2009

Dalland, O. *Metode og oppgaveskriving for studenter* Gyldendal Norsk Forlag AS 2007

Drugli, M. B. og Engen, M. *Spør barn, få svar! Samtaler med barn om sosiale relasjoner* N.W. Damm & Søn, 2004

Eide, H. og Eide, T. *Kommunikasjon i relasjoner. Samhandling, konfliktløsning, etikk* Gyldendal Norsk Forlag AS, 2007 2.utgave, 3. opplag 2009

Forsberg C. og Wengström Y. *Att göra systematiska litteraturstudier. Värdering, analys och presentation av omvårdnadsforskning* Författarna och Bokförlaget Natur och Kultur 2008

Gamst, K. T. og Langballe, Å. *En dialogisk tilnærming til kommunikasjon med barn I barne- og likestillingsdepartementet Artikkelsamling. Samtaler med små barn i saker etter barneloven.* Zoom Grafisk AS 05/2006

Jacobsen, D. I. *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i samfunnsvitenskapelig metode for helse og sosialfagene* Høyskoleforlaget AS 2003

Kvam, M. H. *Seksuelle overgrep mot barn* Universitetsforlaget AS 2001

Kvale, S. og Brinkmann, S. *Det kvalitative forskningsintervju* Gyldendal Norsk Forlag AS 2009

regjeringen.no 2003: Sosial- og helsedirektoratet, *Seksuelle overgrep mot barn. En veileder for hjelpeapparatet.* Oktober 2003. Lokalisert 01.03.2010 på verdsveven:

http://www.regjeringen.no/upload/kilde/bfd/bro/2003/0017/ddd/pdfv/286825-seksuelle_overgrep_mot_barn.pdf

regjeringen.no 2009: Barne- og likestillingsdepartementet *En veileder om å snakke med barn i barnevernet. Snakk med meg!* Juni 2009. Lokalisert 02.03.2010 på verdsveven:

http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Barnevern/Q-1156B%20Snakk%20med%20meg_web.pdf

Søftestad, S. *Avdekking av seksuelle overgrep. Veier ut av fortelsen.* Universitetsforlaget AS 2008

Søftestad, S. *Seksuelle overgrep. Fra privat avmakt til tverretatlig handlekraft.*

Universitetsforlaget AS 2005, 2. opplag 2009

Øvreeide, H. *Samtaler med barn. Metodiske samtaler med barn i vanskelige livssituasjoner*

Høyskoleforlaget, 2009

8.0 Vedlegg

8.1 Samtykke til intervju

Me er to studentar ved høgskulen i Sogn og fjordane som skal skrive ei bachelor oppgåve, og ynskjer ein samtale med Dykk i denne forbindelsen. Me viser til samtale med Dykk på telefon 07/01/10. I dette skrivet vil me informera om kva intervjumaterialet skal nyttast til, og tema for oppgåvene våre.

Me er «Namn 1» og «Namn 2», 3. års studentar barnevern, som skal skrive oppgåve om kommunikasjon med born i vanskelege livssituasjonar.

Informasjonen som vert given i intervjuet vert kun nytta i dei aktuelle bachelor oppgåvane. Her vert all informasjon og informant anonymisert og alt materiale etter intervjuet vert sletta innan utgangen av mars 2010. Me ynskjer å nytta lydopptakar under intervjuet, men det kan sløyfast om informant har eit ynskje om det. Om oppgåvene får karakter A eller B vert dei lagt ut på internett, der andre har moglegheit for å lese dei.

Me vil gjera merksam på at informant under heile prosessen kan velja å stoppe og evt avbryte intervjuet utan å måtte grunngje dette nærare.

Ynskjer De meir informasjon ta kontakt med:

Namn 1: tlf 11111111 [mailadresse](#)

Namn 2: tlf 22222222 [mailadresse](#)

Eg har motteke skriftleg og munnleg informasjon og er villig til å delta i studien:

Namn

Stad/Dato

8.2 Intervjuguide

- Kan du fortelja litt om kva arbeidet ditt går ut på og kvar du arbeider når me snakkar om samtalar med born?
- Kva vert krevd av utdanning og spesielle kunnskapar i samtale med born?
- Korleis snakke med born i vanskelege livssituasjonar?
 - Kva må ein ta spesielt omsyn til i samtalar med born?
- Har du ulike metodar du nyttar når du skal snakke med eit barn som er i ein vanskeleg livssituasjon?
 - nonverbale
 - verbale
 - samtalebilete
 - teikning
 - dukker
- Kva alder er det på borna til dei ulike metodane?
- Det er ein metode som heiter SSR (samtalaler med barn om sosiale relasjoner), der det vert nytta papirdukker i samtalen. Er dette ein metode du har høyrte om eller nyttar deg av?
- Er det forskjel på metodane du nyttar om du snakkar med eit barn som har vore utsatt for seksuelle overgrep i forhold til eit barn som har opplevd vold i heimen, evt andre ting dei har vore utsatt for?
- Om eit barn har vore utsatt for seksuelle overgrep, korleis foretar du denne samtalen i forhold til alderen på barnet?
- Kva med den praktiske gjennomføringa av samtalen? Tykkjer du omgjevnadane har noko å seie for om barnet opnar seg eller ikkje?
 - Stad
 - Tid
 - Båndopptakar
 - Fleire med på samtalen
 - Andre faktorar som spelar inn?
- Er det ei undersøkande/avdekkande samtaleform du nyttar deg av, eller nyttar du deg av informasjonsgjevande samtaleform der barna får informasjon av deg? Evt begge? Kva er du ute etter å få vite under ein samtale?
- Kva skjer etter at den fyrste samtalen er over? Har du oppfylgingssamtaler og evt. henvising vidare til andre instansar?
- Kva betydning har relasjonen i samtalen?
 - Korleis jobbe med relasjonen i møte med born
- Kva skil den gode samtalen/kosesamtalen frå samtalen med eit barn i ein vanskeleg livssituasjon?
- Kan du seie noko om det å gjennomføra ein samtale kontra det å drive terapi?
- Om de blir utkalla til ein heim der det ikkje er så bra for eit barn å opphalde seg, kva kan di rolle bli der?
- Kvifor er det viktig å snakke med borna?
- Er det noko du vil tilføya når det kjem til kommunikasjon med born i vanskelege livssituasjonar?